

"Sol, sol, kom igjen!"

23.02.2007



Betjeningen på Spar, her representert ved Kjersti Børve, fekk ei stor sol av barnehagen då den var på besøk. (Foto. Ola Matti Mathisen)

"Sol, sol, kom igjen, sola er min beste venn", song barnehageborna i Uskedalen då dei toga inn i butikken fredag føremiddag. Oppmodinga var svært så aktuell, for ute var det kraftige kulingkast og snø i lufta. Ungane song også andre "solsongar" og sette betjening og kundar i ekstra godt humør. Og dei belønna på si side dei unge songarane med å klappa.

I tråd med mottot sitt - "Vi feirar der vi kan" - avvikla barnehagen den tradisjonelle solfesten, som er ei markering av at bygda har fått igjen sola.

- Festen er ikkje knytt til nokon bestemt dag, vi held han ein eller annan gong etter at sola har vist seg fram att, sa styrar Margunn Kjærland – eller "sjefssola" som ho kalla seg akkurat denne dagen.

Både ho og alle dei andre hadde måla sol i andletet og dei hadde laga ein stor sol som som vart overrekk i butikken og som skal glede kundane framover. Der sto det "Ei helsing frå ungene i Uskedalen Barnehage på solfesten fredag 23. februar".

Sjølvsagt var det også servering av diverse godsaker under solfesten.

Men akkurat i går venta både ungene i barnehagen og alle oss andre forgjeves på sola.

Av Ola Matti Mathisen